

# Sentraladministrasjonen



Olje- og energidepartementet  
Einar Gerhardsenspl. 1

HEMSEDAL KOMMUNE  
3560 Hemsedal

0179 OSLO

Arkivkode  
S00 &13

Vår ref.  
05/00126 - GABJOH

Dykkar ref.

Dato  
07.03.2005

## MELDING OM POLITISK VEDTAK - HØYRING - NOU 2004: 26 HEIMFALL

Frå møte i Formannskapet den 22.02.2005, saksnr 0022/05.

Det vart gjort fylgjande vedtak:

Formannskapet slutter seg til felles uttale frå kommunane i Hallingdal slik:

1. Heimfallssaka gjeld eigarskapen til vasskraftsektoren og rører ved vitale verdiar for det norske samfunn både i dag og for våre etterkomarar.
2. Eit tungt og spreidd offentleg eigarskap har stor eigenverdi, og nye heimfallsreglar må ha som målsetjing framleis å stimulere til slikt eigarskap.
3. Forholdet til EØS-avtalen må avklarast før departementet i det heile foreslår endringar i heimfallsinstituttet.
4. Dersom ein på grunn av EØS- avtala må gjere endringar, går hallingdalskommunane inn for mindretalet sin transaksjonsmodell.  
Mindretalets forslag gir ein rimeleg balanse mellom omsynet til offentleg eigarskap på kort og lang sikt og omsynet til effektiv ressursbruk og nødvendige omstruktureringar.
5. Det må leggjast inn sterkare verkemiddel for å sikre reinvesteringar i anlegga i konsesjonsperioden enn det som ligg i forslaget frå utvalet.
6. Vertskommunane bør få del i heimfallet gjennom rettar og eigarskap framfor i kontantar.
7. Saka bør ikkje fremjast for endeleg behandling før grundige konsekvensutgreiingar ligg føre.

Med helsing

*Anne Marie Storehøier*  
for Gabriel Johannessen  
Konstituert rådmann

Vedlegg: Møtebok sak 22/05



# SAMLET SAKSFRAMSTILLING MØTEBOK

Saksnr. 22/05

Arkivsaksnr.: 05/00126

Arkivkode:S00 &13

Sakshandsamar: Gabriel Johannessen

Saksnummer	Utval	Møtedato
0022/05	Formannskapet	22.02.2005

## HØYRING - NOU 2004: 26 HEIMFALL

### *Saka blir avgjort av:*

Formannskapet

### *Vedlegg:*

Dokument nr 2

### *Dokument i saka:*

1. NOU 2004: 26 Hjemfall
2. EØS og Hjemfall – utredning på vegne av KS - ved professor dr.juris Finn Arnesen, Senter for europarett ved Universitetet i Oslo

### *Saksopplysningar:*

Olje – og energidepartementet har sendt ut NOU 2004: 26 Hjemfall til høyring. Frist er sett til 1 mars 2005.

Høyringsuttala vert difor berre handsama av formannskapet.

NOU nr 26 er rik både i omfang og detaljar og handsamer ei rekke spørsmål av økonomisk, lovmessig og EØS-relaterte karakter. Det er difor tatt utgangspunkt berre i dei viktigaste spørsmåla i utgreiinga.

Produksjonen av vasskraft i Noreg vert i dag eigdd slik:

- ◆ 42.5 % kommunar og fylkeskommunar
- ◆ 45.5 % av staten
- ◆ 6.5 % av private med konsesjon før 1909
- ◆ 5.5 % av private med konsesjon etter 1909

Hovud ideen bak eit heimfall er at naturressursen tilhøyrer folket på lang sikt, medan den som utnyttar ressursen får ein rett til å utnytte ressursen i ei avgrensa periode, og har rett på avkastning av kapitalen han har investert.

Det er i dag eit skille mellom offentlege og private eigarar. Kraftverk eigde av private eigarar med konsesjon gjeve etter 1909 har heimfall, medan kraftverk som er eigde med meir enn 2/3 av offentlege eigarar (stat, fylke eller kommune) har evigvarande konsesjonar.

Sel offentlege eigarar seg ned til mindre enn 2/3 blir konsesjonen å sjå som gitt til ein privat eigar, og heimfalltidspunktet blir rekna i frå tidspunktet konsesjonen vart gjeve.

All erverving av vassfall, utbygging og drift av kraftverk har skjedd med dette som føresetnader sidan 1909.

Denne forskjellbehandlinga av private og offentlege eigarar har vore ynskt politisk. Eit politisk fleirtall har heilt sidan 1906 ynskt at utbygging av vasskraft skulle skje helst i offentleg norsk regi.

Bakgrunnen for at det no er fremma forslag til ei endring av denne praksisen ligg i :

1. ESA har skriva brev der ein stiller tvil om at forskjellsbehandlinga av offentlege eigarar og private eigarar er lovleg i høve til EØS avtala.
2. I 1990 vart det innført ny energilov der marknadsmekanismen vart lagt til grunn som prinsipp for å få til ein effektiv drift og utbygging av den norske kraftmarknaden. Ein har derfor hatt marknadsmekanismen som hovedprinsipp når det gjeld drift og investering. Heimfallregimet fører til at det ikkje er fri omsetning på eigarsida. Ut frå effektivitetskrav blir det derfor stilt forslag om dette bør endrast.
3. Kommuneøkonomien er dei siste åra blitt sett under press. Etter at den nye energilova vart innført i 1990 er ikkje engasjement i sektoren lovpålagt, og ein del kommunar har nytta høvet til å frigjere kapital. Største kjøpar har vore staten gjennom selskapet Statkraft. Konkurransetilsynet har no sagt at Statkraft ikkje får bli ein større produsent i Norge, dei er tvert om pålagt å selge seg noko ned. Ein har derfor ein situasjon der dei offentlege eigarane i Noreg stort sett ynskjer å selge seg ned, eller er pålagt å gjere det. Einaste kjøperar er då private, men verdien på deira hand er lågare på grunn av heimfallsordninga. Dette fører til det som vert omtala som innelåsingseffekten.

Heimfallsutvalet vart sett ned etter at Regjeringa fremma forslag om at heimfallsordninga også måtte omfatte offentleg eigde verk, og det vart stilt ein del spørsmål rundt forslaget.

Mandatet til utvalet har vore å finne forslag til ei fortsetting av heimfall i ei ikkje diskriminerande form mellom offentlege og private eigarar.

Det er ein del spørsmål som ikkje har vore omfatta av mandatet til utvalet:

1. Vurdering av høvet mellom grunnlovens bestemmelsar om eigedomsrett og tileignelsesretten som eit heimfall inneber.
2. Eventuell fjerning av heimfallsordninga. Virkning av ei fjerning er utreda.

Med desse avgrensingane har utvalet delt seg i fleire fraksjonar. Hoved skilnadene har gått på ulik vektlegging, og insentiv for:

1. Fortsatt vektlegging av nasjonalt eigarskap.
2. Effektiv drift og investering.
3. Behov for kompensasjon til dagens offentlege eigarar som mistar evig driftsrett.

Fleirtalet i utvalet går inn for:

1. Alle verk over 4000 naturhestekrefter med konsesjon etter 1909 heimfell til dels til staten (1/3), og dels til vertskommunen/vertsregionen (1/3) etter 75 år.
2. Tidsfristen går frå tidspunktet for vedtaking av lova.
3. Heimfallet til vertskommunen/vertsregionen skal skje etter fylgande fordelingsnøkkel:  
Inntil 250 GWh – 1/3 til vertskommune  
Neste 250 GWh – 1/10 til vertskommune  
Neste 500 GWh – 1/20 til vertskommune  
Alt over – 1/200 til vertskommune
4. Eigar på heimfallstidspunktet har rett til 1/3 av verket eller 1/3 av verdien i verket.
5. Vidareføring av moglegheit for foregripe heimfall.

Mindretalet (LO, LVK og KS) går primært inn for det såkalte transaksjonsalternativet, som i hovedsak liknar mest på dagens ordning, men med likestilling av private og offentlege eigarar:

1. Heimfall blir utløyst ved omsetning av verk 60 år etter omsetningstidspunktet.
2. Der eigar ikkje er offentlig, og som derfor treng ny konsesjon, gjes ny konsesjon for 60 år.
3. Terskel for utløyning av ny konsesjon settast lågt.
4. Kommunesamanslutningar skal ikkje utløyse krav om ny konsesjon
5. Moglegheit for dispensasjon etter gitte reglar.
6. Vidareføring av foregripe heimfall.

Alternativt foreslår mindretalet

1. Heimfall til staten for offentlege verk etter 60 år.
2. Lovfesta rett til del av anlegget eller verdi av anlegget ved erstatning på 45 % av verdien på heimfallstidspunktet.
3. Heimfall til vertskommune og vertsregion på 1/3 lik fleirtalets sitt forslag.
4. Vidareføring av foregripe heimfall.

Fleirtalet i utvalet ser ut til å ha lagt meir vekt på hensynet til effektiv drift og investering, medan mindretalet har lagt mest vekt på omsynet til fortsatt nasjonal eigarskap til vasskrafta.

### **Vurdering:**

VURDERINGAR FRÅ KOMMUNANE I HALLINGDAL:

Kommunane i Hallingdal har fyrst og fremst rolla som vertskommunar, men Hol kommune eig to kraftverk som kjem over grensa på 4000 hk.

Me synest det er avgjerande at vertskommunane er sikra verdiar frå vasskrafta i framtida, då det fyrst og fremst er innbyggjarane i desse kommunane som opplever dei negative følgjene av vasskraftutbygginga.

Forslaget om tildeling av inntil 1/3 av heimfallet til vertskommunen vil kunne tilføre regionen varige verdiar.

Det er E-Co Vannkraft as som eig dei fleste av kraftverka som vil heimfalle i Hallingdal. Vertskommunane er fornøgd med måten E-CO Vannkraft as har utvist eit langsiktig eigarskap i Hallingdal. Dette gjeld omsyn til andre interesser i vassdraget ved drift og vilje til å komme fram til sameinte løysingar ved investeringar. Selskapet har også vist vilje til å oppretthalde arbeidsplassar i dalen, til tross for dei store automatiseringar som er gjort dei siste åra. Me syns det er svært viktig at kraftverka i Hallingdal framleis har eigarar som har ein slik langsiktig horisont på sitt eigarskap, og som tek omsyn til dei behova som vertskommunane har. Det må være svært viktig å ha eigarar som opptrer med langsiktig avkastning som mål, og som ikkje blir for mykje prega av kortsiktig likviditet.

Me syns omsynet til stadig å ha eit nasjonalt eigarskap av ein evigvarande ressurs som vasskrafta er viktig. Me syns derfor at ordningar som gjev dagens offentlege eigarar insitament til framleis å site som eigarar må sikrast. Med dette som bakgrunn syns me derfor at forholdet til ESA og EØS avtala må avklarast før departementet i det heile føreslår å gjere endringar i heimfallsinstituttet.

Dernest syns me transaksjonsalternativet er det alternativet som best ivaretek omsynet til framleis nasjonal eigarskap av vasskrafta, og derfor er det beste av dei som er framlagt. Me syns hovudideen i dette alternativet gjev ein god balansegang mellom omsynet til framleis nasjonalt eigarskap og omsynet til effektiv drift og investering. Samtidig sikrar det likebehandling av private og offentlege eigarar tilstrekkeleg etter vårt syn. Dei kommunar som ikkje ser seg tent med eigarskap får ein moglegheit til å omsette kraftselskapet, medan det blir gjett insitament til offentlege eigarar til framleis om å ha ei slik rolle.

Hovudidéen bak heimfall er som nevnt at naturressursen tilhøyrer folket på lang sikt, medan den som utnyttar ressursen får ein rett til å utnytte ressursen i ei avgrensa periode, og har rett på avkastning av kapitalen han har investert. Problemet er at for å få effektiv drift treng ein reinvesteringar og godt vedlikehald også undervegs i avkastningsperioden.

I utvalget sin rapport blir dette dilemmaet teke hand om delvis ved at eigar får ein del av verdiane ved heimfall, og delvis ved at ein kan få foregrepent heimfall, dvs utbyggar får rett på ei ny konsesjonsperiode på eit tidlegare tidspunkt enn han ellers ville fått, og får såleis ei lang avkastningsperiode på investeringa.

Me synes ingen av desse verkemidla er veldig presise i høve til å oppnå gode reinvesteringar og vedlikehald, og saknar derfor at utbyggar kunne fått attende betalt investeringar gjort undervegs, nedskrive for den tida han har utnytta investeringane. Me trur dette kunne vore meir presist i høve til effektiv drift. Med ei slik ordning skulle det være mindre grunn til å kompensere eigaren ved heimfallet av billighetshensyn. Ein ville også skilt klarare mellom verdien av naturressursen og verdien av kapitalen. Me syns også at for å vurdere storleiken av kompensasjonen av billighetshensyn bør spørsmålet mellom grunnlovens paragraf 105 og heimfall undersøkast nærare.

Del av heimfallet til konsesjonær blir også brukt som eit insitament til fortsett nasjonalt eigarskap ved mindretallet sitt forslag. I ein slik samanheng har ein mindre behov for ei slik vurdering.

Me syns det er viktig at vertskommunane framleis er sikra verdier frå naturressursen vasskraft i framtida. Forslaget om tildeling av inntil 1/3 av heimfallet til vertskommunen er med og

sikrar dette. For å sikre ein best mogleg disponering av desse store verdiane trur me den beste måten å gjere dette på er at kommunane får dette som ein rett til framtidig kraftproduksjon/kraftleveransar framfor overføring av eingongssummar.

## KONKLUSJON

1. Heimfallssaka gjeld eigarskapen til vasskraftsektoren og rører ved vitale verdiar for det norske samfunn både i dag og for våre etterkomarar.
2. Eit tungt og spreidd offentleg eigarskap har stor eigenverdi, og nye heimfallsreglar må ha som målsetjing framleis å stimulere til slikt eigarskap.
3. Forholdet til EØS-avtalen må avklarast før departementet i det heile foreslår endringar i heimfallsinstituttet.
4. Dersom ein på grunn av EØS- avtala må gjere endringar, går hallingdalskommunane inn for mindretalet sin transaksjonsmodell.  
Mindretalets forslag gir ein rimeleg balanse mellom omsynet til offentleg eigarskap på kort og lang sikt og omsynet til effektiv ressursbruk og nødvendige omstruktureringar.
5. Det må leggjast inn sterkare verkemiddel for å sikre reinvesteringar i anlegga i konsesjonsperioden enn det som ligg i forslaget frå utvalet.
6. Vertskommunane bør få del i heimfallet gjennom rettar og eigarskap framfor i kontantar.
7. Saka bør ikkje fremjast for endeleg behandling før grundige konsekvensutgreiingar ligg føre.

### **Rådmannen si tilråding:**

Formannskapet slutter seg til felles uttale frå kommunane i Hallingdal slik:

1. Heimfallssaka gjeld eigarskapen til vasskraftsektoren og rører ved vitale verdiar for det norske samfunn både i dag og for våre etterkomarar.
2. Eit tungt og spreidd offentleg eigarskap har stor eigenverdi, og nye heimfallsreglar må ha som målsetjing framleis å stimulere til slikt eigarskap.
3. Forholdet til EØS-avtalen må avklarast før departementet i det heile foreslår endringar i heimfallsinstituttet.
4. Dersom ein på grunn av EØS- avtala må gjere endringar, går hallingdalskommunane inn for mindretalet sin transaksjonsmodell.

Mindretalets forslag gir ein rimeleg balanse mellom omsynet til offentleg eigarskap på kort og lang sikt og omsynet til effektiv ressursbruk og nødvendige omstruktureringar.

5. Det må leggjast inn sterkare verkemiddel for å sikre reinvesteringar i anlegga i konsesjonsperioden enn det som ligg i forslaget frå utvalet.
6. Vertskommunane bør få del i heimfallet gjennom rettar og eigarskap framfor i kontantar.
7. Saka bør ikkje fremjast for endeleg behandling før grundige konsekvensutgreiingar ligg føre.

### ***Formannskapet behandla saka den 22.02.2005, saksnr. 0022/05***

#### ***Handsaming:***

Innstilling vedteken. Samrøystes.

#### ***Vedtak:***

Formannskapet slutter seg til felles uttale frå kommunane i Hallingdal slik:

1. Heimfallssaka gjeld eigarskapen til vasskraftsektoren og rører ved vitale verdiar for det norske samfunn både i dag og for våre etterkomarar.
2. Eit tungt og spreidd offentleg eigarskap har stor eigenverdi, og nye heimfallsreglar må ha som målsetjing framleis å stimulere til slikt eigarskap.
3. Forholdet til EØS-avtalen må avklarast før departementet i det heile foreslår endringar i heimfallsinstituttet.
4. Dersom ein på grunn av EØS- avtala må gjere endringar, går hallingdalskommunane inn for mindretalet sin transaksjonsmodell.  
Mindretalets forslag gir ein rimeleg balanse mellom omsynet til offentleg eigarskap på kort og lang sikt og omsynet til effektiv ressursbruk og nødvendige omstruktureringar.
5. Det må leggjast inn sterkare verkemiddel for å sikre reinvesteringar i anlegga i konsesjonsperioden enn det som ligg i forslaget frå utvalet.
6. Vertskommunane bør få del i heimfallet gjennom rettar og eigarskap framfor i kontantar.
7. Saka bør ikkje fremjast for endeleg behandling før grundige konsekvensutgreiingar ligg føre.